

LEXICONORDICA

26 · 2019

NORDISKE ORDBØKER
MED TO ELLER FLERE SPRÅK

SÆRTRYK

NORDISK FORENING FOR LEKSIKOGRAPHI

LexicoNordica 26 · 2019

Nordiske ordbøker med to eller flere språk

Hovedredaktører

Sturla Berg-Olsen

Emma Sköldberg

Redaksjonskomité

Anna Braasch

Kjetil Gundersen

Annika Karlholm

Mariann Skog-Södersved

Ásta Svavarsdóttir

© 2019 LexicoNordica og forfatterne

Omslag og sats: Laurids Kristian Fahl

Trykk: Tarm Bogtryk a-s, Danmark

LexicoNordica trykkes med støtte fra

Nordplus Nordens Språk



ISSN 0805-2735

ISSN 1891-2206 (online)

Innhold

Sturla Berg-Olsen & Emma Sköldberg
Nordiske ordbøker med to eller flere språk9

Tematiske bidrag

Sofia Björklöf & Saarni Laitinen
Korpus och enspråkig ordbok som bas för ny
estnisk-finsk ordbok 17

Anna Helga Hannesdóttir
Glossarium – Sveo-Gothicum: en underlig ordbok eller
ett bidrag till forskningen?..... 35

Poul Hansen
Statistisk modellering og prognostisering af efterspørgslen
efter netordlister 55

Helga Hilmsdóttir
ISLEX på finska – redigering, användning och mottagande..... 75

Patrick Leroyer & Henrik Køhler Simonsen
Google Translate: trussel eller redning for
oversættelsesordbøger? 95

Jacqueline Levin & Frederikke Ulv
“Hvordan siger man ...?” Om direkte brugerkontakt i
ordbogsarbejdet 117

Morgan Nilsson

Somaliska tvåspråkiga ordböcker i Norden:
utbud och kvalitet135

Margunn Rauset

Bokmålsordboka og *Nynorskordboka* – einægga, toegga
eller siamesiske tvillinger?.....155

Trond Trosterud

Kva bruker vi minoritetsspråksordbøker til? Ein studie av
brukarloggane for tolv tospråklege ordbøker 177

Ikke-tematisk bidrag

Kristian Blensenius

Revision av konstruktionsoppgifter i *Svensk ordbok*
utgiven av Svenska Akademien 203

Anmeldelser

Ebba Hjorth

To store leksikografer – om Svend Eegholm-Pedersens
Mothstudier..... 227

Tor Erik Jenstad

Norsk banneordbok – ei omfattande samling med eit
noko vidt banneomgrep 239

Lennart Larsson

En nyliberal ordlista.....251

Geir Lima

NE:s stora italienska ordbok – ny og utvidet utgave av
den største ordboken mellom svensk og italiensk..... 259

Morgan Nilsson

Kunnskapsforlagets *Stor norsk-polsk ordbok*
– ett informationsspäckt monumentalverk 275

Carina Nilstun

Samvittighetsfullt revidert *Norsk ordbok* 295

Mihkel Tõnnov

Eesti-soome sõnaraamat – en lovande ny estnisk-finsk
ordbok på nettet 311

Meddelelser

Lotte Follin

Mindeord for Jens Axelsen 329

Pär Nilsson

Rapport från styrelsen för Nordiska föreningen för
lexikografi.....333

Redaksjonelt..... 339

Bokmålsordboka og *Nynorskordboka* – einegga, toegga eller siamesiske tvillingar?

Margunn Rauset

Bokmålsordboka and *Nynorskordboka* represent the two official Norwegian written varieties, Bokmål and Nynorsk. This article discusses whether their current digitized versions should be considered as two separate dictionaries or as one dictionary including two varieties. User feedback indicates that their common digital platform at <ordbok.uib.no> might raise some expectations of features associated with a bilingual dictionary. How does that influence the lexicographer's choices when revising the two dictionaries in parallel in an ongoing five-year project?

1. Innleiing

Dei første trykte utgåvene av dei to norske standardordbøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* kom i 1986. Er dei, godt og vel 30 år seinare, framleis å rekne som to ordbøker, eller blir dei digitale utgåvene på <ordbok.uib.no> og i appen Ordbøkene etter kvart oppfatta som éin språkleg ressurs på to målformer?

Artikkelen blir innleidd med eit språkhistorisk og språkpolitisk tilbakeblikk, og vi får forklaringa på kvifor desse to ordbøkene har blitt omtala som *tvillingordbøker*. Andre del tek føre seg korleis brukarane oppfattar og nyttar ordbøkene i dag – med særleg vekt på kva vi kan lese ut av kontakt med ordbokbrukarane via e-post og brukarloggar. Siste del handlar om den pågåande revisjonen av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, korleis vi i Revisjonsprosjektet tolkar mandatet vårt, og korleis vi vurderer dei to ordbøkene med tanke på om dei er sjølvstendige ressursar eller éin noko atypisk tospråkleg ressurs.

2. Formålet med dei to ordbøkene

2.1. Tvillingnemninga

Definisjons- og rettskrivingsordbøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* blei i si tid utvikla av to redaksjonar under same tak ved Universitetet i Oslo, begge i samarbeid med Norsk språkråd. Så tett var det redaksjonelle samarbeidet i starten at bokmålsredaktør Lars Andreas Kulbrandstad omtala bokmåls- og nynorskutgåva som eitt verk: «Ei ny ettbindsordbok blir nå utarbeidd [...]. Boka blir redigert på bokmål og nynorsk samtidig, og den vil bli gitt ut under tittelen «Norsk handordbok»» (Kulbrandstad 1976:7). Manuskripta til bokstavane *a–k* og *v* blei først utarbeidd av nynorskredaksjonen, *l–u* og *w–å* av bokmålsredaksjonen, og så bytte dei manuskript ved halvgått løp. Slik kunne dei bygge på arbeida til kvarandre (BOB 1986:V).

Sjølv om ordbøkene blei gjevne ut på kvar sine forlag, *Bokmålsordboka* på Universitetsforlaget (seinare på Kunnskapsforlaget) og *Nynorskordboka* på Det Norske Samlaget, fekk førsteutgåvene lik grafisk utforming. Seinare har dei òg følgd kvarandre tett i utvikling og redigering, og dette har gjort at *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* har blitt kalla *tvillingordbøker*. Nynorskredaktør Dagfinn Worren (1998:59, 63) beskriv dei som to likeverdige ord-bøker utforma etter den same malen, og han omtalar arbeidet med dei som eit «toegga tvillingprosjekt».

Worren utdjupar ikkje kva han legg i denne nemninga, men i ein norsk kontekst førestiller eg meg siamesiske ordboktvillingar som heilt parallelle i struktur og innhald, og at skilnadane som finst mellom målformene, berre hadde blitt uttrykte i ortografi og morfologi. Om eit leksem ikkje kan dokumenterast brukt i både bokmål og nynorsk, hadde det heller ikkje blitt eit oppslagsord i den siamesiske tvillingordboka. Eit einegga ordbokpar ville ikkje hatt same parallellitetskrav til lemmalistene, og dei to ressursane

kunne i noko større grad spegla ulikskapane som er i bokmål og nynorsk. Innhaldet ville likevel vere meir prega av alt som er felles mellom målformene, enn det som skil dei. Med ei toegga tvillingordbok meiner eg at dei to ressursane er parallelle i struktur og langt på veg i innhald, men at dei likevel har som føremål å beskrive målformene med sine særeigne trekk, på sjølvstendig grunnlag. Det inneber òg at lemmalistene blir noko ulike.

Nøyaktig kvar lista skal liggje for parallellitet mellom *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, er ikkje klart definert, men i eit notat til Kulturdepartementet slår Språkrådet fast at det er viktig at ordbøkene held fram med å bli utvikla parallelt:

I nettversjonen er det nå sånn at når du søker på et ord, får du treff i begge ordbøkene (hvis ordet finnes i begge), med mindre du eksplisitt ber om søk i bare en av dem. Denne parallelliteten har vært viktig for Språkrådet og viktig for norsk språkpolitikk. Språkrådet ønsker å beholde ordbøkene som «tvillinger». (Språkrådet 2014:10)

I Noreg står *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* i ein særskild posisjon, då dei er den viktigaste kanalen eigaren Språkrådet har for å formidle informasjon om gjeldande offisiell rettskriving til publikum (Språkrådet 2014:9).¹ Norsk rettskriving var frå starten av 1900-talet prega av hyppige og omfattande reformer. Slike blir vedtekne på departementsnivå. Frå 1950-åra har det vore Norsk språknemnd og etterfølgjarane Norsk språkråd og Språkrådet som har forvalta normene og stått for dei løpande endringane. For desse organa har oppdaterte ordlister vore svært viktige, særleg for å nå fram til skulane på ein effektiv måte (Hovdenak & Ims 2016:157). Det er med andre ord ein lang tradisjon i Noreg

1 I 2016 overtok Universitetet i Bergen (UiB) ansvaret for m.a. *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* frå Universitetet i Oslo. Ordbøkene blir no drifta av UiB og Språkrådet i fellesskap.

for å bruke ordlister for å spreie informasjon om normeringa av målformene. Historia til *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* viser at dei òg blei til i ein tydeleg språkpolitisk kontekst, og at dei var tenkte å tene spesifikke språkpolitiske formål.

2.2. Bakgrunnen for at ordbøkene blei til

Gjennom store delar av førre hundreår var den norske språkdebatten oppheta, og det kulminerte i meir og mindre organisert motstand mot den offisielle språkpolitikken slik han blei forvalta av Norsk språknemnd (1952–1972). I hovudtrekk gjekk denne politikken ut på at dei to målformene bokmål og nynorsk skulle sameinast i eitt språk, samnorsk, noko mange sentrale røyster kjempa innbite mot. I alle leirar blei motiva og hensiktene til motstandarane mistenkjeleggjorde (Rambø 1999:40), og mange hadde ikkje tillit til at Norsk språknemnd var organet som kunne bringe utviklinga av norsk språk vidare:

I begynnelsen av sekstiårene så det nærmest ut til at språkstriden hadde låst seg fast i en ufruktbar stillingskrig mellom myndighetenes samnorsklinje og den private sektors ytterliggående riksmålslinje. (Haugen 1966:228)

Som eit ledd i å roe gemytta blei det sett ned ein komité med rektor ved Universitetet i Oslo, Hans Vogt, som leiar. Vogtkomiteen, eller «Språkfredskomiteen» som han òg har blitt kalla, skulle vurdere den politiske og rettslege sida ved den norske språkpolitikken og gjere framlegg om tiltak som kunne tene til å ta vare på og utvikle den norske språkarven (Innstilling 1966:3). Frå politisk hald var det viktigaste no å ta vare på rikdommen i begge målformer og i dialektene i bygd og by – og slik demme opp for den felles fare som truga norsk utanfrå (Haugen 1966:230), altså engelsk.

Eitt av framlegga til Vogtkomiteen var å opprette Norsk lek-

sikografisk institutt ved Universitetet i Oslo, då komiteen peika på eit stort behov for gode, praktiske eittbindsordbøker for bokmål og nynorsk. Dei viste til at det fanst mange ordlister, så alle nordmenn for ein billig penge kunne slå opp korleis eit ord skulle stavast og bøyast, men ikkje kva ordet betyr, eller korleis det skal brukast (Innstilling 1966:13). Marit Hovdenak (2014:231) har peika på at det òg var ein bakanforliggende motivasjon for utgjevinga at dansk og svensk hadde nyare morsmålsordbøker av liknande type, og i 1977 kom det dessutan ei tilsvarande ordbok for den uoffisielle normalen riksmål, *Riksmålsordboken* (Guttu 1977).

Språkpolitisk var det viktig at det blei slått fast at det skulle utarbeidast to likeverdige allmennordbøker for dei to offisielle formene av norsk skrift. Både argumentasjonen for behovet for handordbøker og den seinare understrekinga av parallellitet i utarbeidinga av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* var ein manifestasjon av ein politisk vilje til å vise at målformene, med sine særpreg, er og skal vere jamstilte.

2.3. Kvifor er tvillingane ulike?

Trass i den parallelle redigeringa av førsteutgåvene er det ein god del forskjellar mellom *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. Ein grunnleggjande forskjell er at det er ordbøker for kvar si målform: «Norsk har to skriftspråksnormalar som har svært mykje sams, men som òg har kvar sine skriftkulturar» (Hovdenak 2014:233). Det har på ulike måtar prega redigeringa av ordbøkene.

I dei opphavlege planane for prosjektet *Norsk handordbok* var det meininga av dei to ordbøkene skulle bli like i omfang: mellom 600 og 700 sider og rundt 60 000 oppslagsord (Kulbrandstad 1976:8). Dei skulle òg ha med dei same informasjonskategoriane: alle tillatne variantar av ortografien og morfologien til lemmaa, ordklasse, uttale for ein del framandord, etymologi, definisjonar og bruksdøme. For nynorsken sin del var det nødvendig å ta med

ein god del samansetjingar fordi målforma mangla eit verk som svara til *Tanums store rettskrivningsordbok*, som inneheld mange slike på bokmål. Normeringsbehovet i nynorsk var altså større enn i bokmål, og for nynorskutgåva av *Norsk handordbok* var det viktig å få med flest moglege ord, då dette var den første allmenne eittspråklege ordboka på denne målforma (Worren 1998:61). Dermed var tanken at nynorskutgåva skulle ha med noko fleire samansetjingar og følge eit høgare tal oppslagsord, medan dei gjennomsnittlege artiklane i bokmålsutgåva skulle vere noko lengre (Kulbrandstad 1976:8).

Det blei tidleg klart at dei to redaksjonane hadde ulike mål for arbeidet. I brukarretteiinga til *Bokmålsordboka* (1986:VII) står det at boka skal ha med «det sentrale ordforrådet i moderne bokmål». Det blir utdypa som ord vi møter gjennom radio og fjernsyn, i aviser og allmenne tidsskrift, i skjønnlitteratur og i lærebøker for grunnskulen og den vidaregåande skulen. I utgangspunktet ser det ut til å ha vore tanken for begge utgåvene av *Norsk handordbok*: «Boka skulle langt på vei dekke ordforrådet i moderne norsk slik en møter det i litteratur og presse» (Kulbrandstad 1976:8). I nynorskutgåva forlét ein delvis denne skriftspråksdominerte linja då redaksjonen ønskte å løfte fram den tette relasjonen mellom nynorsk og dialektene, eller *målføra*, som nynorsken byggjer på. Eit viktig poeng her er at det ikkje er noko skarpt skilje mellom dialektene og det nynorske standardspråket, og som ein praktisk regel for å velje ut dialektilfang tok nynorskredaksjonen med dialektord som var registrerte i tre fylke eller meir (eller to fylke i Nord-Noreg) i ordsamlingane til *Norsk Ordbok* – sjølv om dei er lite brukte i litteraturen (Hovdenak 2014:234).

Worren set dette i samanheng med korleis nynorsk som minoritetsspråk heile tida må legitimere seg i høve til brukarane sine. Den ideologiske grunngevinga for nynorsken som den skriftlege samnemnaren for målføra krev at ei nynorsk ordbok har med eit breitt tilfang frå dialektene: «[N]ynorsken som alternativt språk

må marknadsføre seg som skriftmålet for målføremerkt ordtilfang» (Worren 1998:63). Dessutan fløynde ei dialektbølge over Noreg på 1970-talet. Ideologien, ikkje minst i nynorskorganisasjonen Noregs Mållag, var at alle talemålsformer er fullverdige og like gode, uavhengig av tidlegare litterær bruk, og dette var noko særleg nynorskredaksjonen måtte ta omsyn til (ibid.).

Det blei ei utfordring å halde seg til den oppsette planen med 60 000 oppslagsord samstundes som ein både fekk med det særskilde målføretilfanget og det moderne ordtilfanget. Ifølgje Worren såg ein dette likevel ikkje som eit problem i nokon av redaksjonane, for ein tenkte at særbokmålske innlån frå tysk og dansk skulle vege opp for dialektorda i nynorsk. Slik gjekk det ikkje, og *Nynorskordboka* (1986) enda opp med rundt 90 000 oppslagsord, medan *Bokmålsordboka* (1986) hadde 65 000 oppslagsord. Då ein etter datamaskinell teljing i 1984 blei klar over den store differansen, gjekk ein òg vekk frå fellesnemninga *Norsk handordbok* og kalla ordbøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* (Worren 1998:64).

Vegane skildest ytterlegare åt i seinare trykte utgåver, då dei blei gjevne ut til ulike tider og i ulikt antal utgåver. *Bokmålsordboka* kom i tredje og siste trykte utgåve i 2005, etter den siste rettskrivingsreforma i bokmål same år, medan *Nynorskordboka* kom i fjerde og siste trykte utgåve i 2006.

2.4. Digitale tvillinger?

I dag finst *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* både i nettversjon og som app. Standardordbøkene kom på nett så tidleg som i 1994, og begge hentar ordklasse og bøyning frå Norsk ordbank (Grønvik & Kyrkjebø 2018:83f.). Frå starten låg ordbøkene side om side og med felles søkjegrensesnitt, og slik har det halde fram gjennom ulike oppgraderingar. Det er sjølsagt eit medvite val frå gamle og nye eigarar av ordbøkene at dei blir presenterte på ei felles digital

plattform: «Enkelt søk i begge ordbøkene er altså standard, av pedagogiske og språkpolitiske grunner. Brukerne får se hva som er likt og ulikt i målformene» (Hoel 2010).

Tabell 1 viser antal søk på nettsida i 2017 og 2018, fordelt på fellessøk i begge ordbøkene, søk berre i *Bokmålsordboka* og søk berre i *Nynorskordboka*. Dei fleste brukarane brukar standardoppsettet og søker i begge ordbøkene samstundes:

2017		2018	
Fellessøk	23 132 540	Fellessøk	22 954 837
Berre BOB	4 750 263	Berre BOB	4 356 708
Berre NOB	6 549 480	Berre NOB	6 680 883
Totalt	34 432 283	Totalt	33 992 428

Tabell 1: Bruksstatistikk for nettutgåva ordbok.uib.no.

Naturleg nok blir innhaldet i ordbøkene i større grad samanlikna når ein får dei opp ved sida av kvarandre på ein skjerm, enn då brukarane måtte slå opp i to trykte bøker for å sjekke kva som er likt og ulikt. Den digitale parallelliteten har fungert så godt at vi skal sjå i del 3 at brukarane oppfattar ordbøkene som éin ressurs i større grad enn redigeringa av dei i si tid tok høgde for.

Den viktigaste tekniske nyvinninga dei siste åra er utviklinga av appen Ordbøkene for Android og iOS. Sidan lanseringa i september 2017 har over 80 000 brukarar lasta ned appen, og i 2018 hadde han 3400–3800 daglege brukarar på tvers av plattform. Som i nettutgåvene kan ein velje kva målform ein ønskjer å få treff på, jf. øvste linja i figur 1. Merk likevel at fellessøket ikkje er standardoppsett her, men éin av tre likestilte søkjemodus.

I 2018 blei det utført 11,4 millionar søk i appen. Eit gledeleg trekk ved appbruken er at han legg seg på toppen av dei om lag 34 millionar søka på nettsida ordbok.uib.no i 2018, eit tal som heldt seg nokså stabilt samanlikna med året før, jf. tabell 1. Iallfall så langt ser det ut til at appen ikkje utgjer ein konkurrent til nett-



Figur 1: Tilskoren skjermdump frå appen Ordbøkene i Android.

sida, men at ordbøkene når nye og andre brukarar med appen. Ser vi på nettsida og appen samla, blir det i gjennomsnitt utført nærare 125 000 søk i dei digitale ordbøkene i døgnet, og ordbøkene gjekk frå å ha 34,5 millionar søk i 2017 til 45 millionar søk i 2018.

Dessverre har vi ikkje oversikt over om appbrukarane søkjer annleis enn brukarane av nettsida. Det kan tenkjast at det mindre formatet på skjermen gjer at ikkje like mange vel å få søkeresultat på begge målformer som tilfellet er på nett. At fellessøket ikkje er standardoppsett i appen, kan òg spele inn.

Ei mogleg utvikling av ordbøkene er å leggje inn relasjonar mellom lemmaa som gjer at eit fellessøk på bokmålsforma *deltakelse* òg gjev treff på nynorskekvivalenten *deltaking*, og at søk på nynorskforma *ause* òg gjev bokmålsekvivalenten *øse*. Det er noko som blir vurdert, og som ingen så langt har ytra prinsipiell motstand mot. Ein slik funksjon ville gjort ordbøkene meir som ei tospråkleg ordbok og fått fram parallellitet òg når det ikkje er ortografisk likskap.

3. Brukarane: søkjeloggar og brukarkontakt

Søkjestatistikkane og kontakten vi har med brukarane, viser at dei digitale utgåvene av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* i høg

grad blir brukte til å slå opp i begge samstundes og å samanlikne innhaldet i dei. Brukarkontakten gjev eit godt innblikk inn i korleis forskjellar og lakuner i ei av ordbøkene blir oppfatta av mange brukarar.

3.1. Brukarspørsmål til nettsida

Nedst på sida til nettordbøkene står det ei e-postadresse brukarane kan vende seg til, og det er Språkrådet som har ansvar for å svare på spørsmåla og tilbakemeldingane som kjem dit. Eg fokuserer på innsende brukarspørsmål som belyser tvillingstatusen til ordbøkene, altså i kva grad *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* blir oppfatta som sjølvstendige eller som éin ressurs.



Figur 2: Brukarspørsmål om oppslagsord i *Nynorskordboka* som ikkje står i *Bokmålsordboka*.

Utgangspunktet for brukaren i figur 2 er at hen har skrive inn forkortinga *d.m.* som fellessøk i dei digitale ordbøkene og fått treff i *Nynorskordboka*, men ikkje i *Bokmålsordboka*.² Brukaren blir usik-

2 Rett nok har artikkelen *d.m.* 'denne måned' blitt oppretta i ettertid i *Bokmålsordboka*, som eit resultat av denne tilbakemeldinga.

ker på om det betyr at forkortinga dermed ikkje er brukande i bokmål, og skriv inn for å få oppklart korleis den manglande oppføringa skal tolkast.

Dette er ein type reaksjon på ordboklakuner som går igjen i mange brukartilbakemeldingar. Dersom éi ordbok har med eit lemma, med ikkje den andre, blir mange usikre på om det betyr at det er restriksjonar i målforma mot å bruke ordet. I ein situasjon som den norske, der det er lang tradisjon for å bruke ordlister og ordbøker for å fortelje språkbrukarane kva som til ei kvar tid er «innanfor» og «utanfor» i to rettskrivingsnormalar som har vore gjennom fleire omfattande endringar, er det til ei viss grad forståeleg.

Andre flittige brukarar av ordbøkene har fått med seg at manglande oppføringar ikkje nødvendigvis betyr det same som at ord og uttrykk ikkje er brukande i den målforma som ikkje har oppføring, men sender melding om ymse dei meiner opplagt manglar i den eine eller andre ordboka. Følgjande brukarspørsmål handlar om ein frase i *Bokmålsordboka* som ikkje står i *Nynorskordboka*: «I den elektroniske Nynorskordboka finn eg ikkje dette uttrykket: Ta mål av seg til å + infinitiv. Kvifor ikkje? Kjem det med i Nynorskordboka, slik det står i Bokmålsordboka?» Spørsmålet illustrerer korleis ordbokbrukarane gløttar til den andre ordboka om dei ikkje finn det dei er på utkikk etter, i den ordboka dei primært leita etter noko i. At brukaren tek seg bryet med å skrive ein e-post, kan moglegvis vere eit teikn på at hen ønskjer at frasen skal stå i begge ordbøkene for at vedkomande kan kjenne seg heilt trygg på at han er gangbar mynt i begge målformene.

For leksikografane er det alltid ei vurderingssak kva kollokasjonar og faste frasar ein tek med, og det må dessutan seiast at det empiriske grunnlaget for utvalet i førstegongsredigeringa på 1970- og 1980-talet var veldig avgrensa samanlikna med dei store korpusa som er tilgjengelege i dag. Med den jamførande praksisen brukarane legg for dagen, er det god grunn til å velje dei same kollo-

kasjonane og faste frasane i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* – sjølvstgå så lenge det er empirisk grunnlag for det i målformene.

Ein type brukarspørsmål det kjem fleire av enn ein kanskje skulle tru, er av meir allmenn art. Ein brukar var på jakt etter nynorske ekvivalentar til to bokmålske kollokasjonar: «Eg studerer pedagogikk, og lurar på kva den mest fornuftige omsetjinga av *klassisk betinging* og *operant betinging* er. Bøkene mine er på bokmål, og eg skriv nynorsk.» *Klassisk betinging* og *operant betinging* står heller ikkje i *Bokmålsordboka*, men studenten vender seg til e-postadressa til ordbøkene i håp om å få eit kvalifisert svar på kva variantar som kan brukast på nynorsk for bokmålsterminologi hen har møtt i læreboka si på bokmål. Brukaren ber ikkje spesifikt om at kollokasjonane kjem inn i ordbøkene, men det kan tenkjast at vedkomande treng hjelp i ein eksamenssituasjon eller til oppgåveskriving.

Spørsmåla over illustrerer at mange brukarar har ei rimeleg vid forståing av kva ei ordbok er og kan hjelpe dei med. For ordbokredaksjonen i Bergen er det til uvurderleg hjelp at det er Språkrådet som sit i førstelinjetenesta og svarer på alle slike spørsmål frå ålmenta, medan redaksjonen kan konsentrere seg om å fornye og forbetre innhaldet i ordbøkene.

3.2. Brukarloggar som frå tospråklege ordbøker?

Brukarloggane frå nettordbøkene har ein litt annan profil enn kva ein kanskje kunne vente av to eittspråklege morsmålsordbøker. Frå andre språk veit vi at dei informasjonskategoriane som oftast blir søkte etter i L1-ordbøker, er tydingar, staving, uttale og synonym – og når det gjeld tydingane, er det dei «vanskelege» orda brukarane slår opp, ikkje dei vanlege (referert hos Svensén 2004:549ff.). Difor er det noko overraskande at det blant dei 50 mest frekvente søkjeorda i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* er nær 80 % heilt vanlege norske verb med både bokmålsk og nynorsk ortografi: *skrive, vere, være, bli, gi, komme, bruke, finne, sjå, se og gå*. Blant substan-

tiva finn vi *ordbøker, menneske, nynorsk, tekst, bok* og *bilde*. Det kan tenkjast at *ordbøker* og *nynorsk* hamnar blant topp 20-søkjeorda fordi søk på desse orda i Google og andre søkjemotorar fører språkbrukarane til ordbøkene. Dei to bokmålspronomena *jeg* og *de* er dei einaste frå den ordklassa på topp 50-lista. På topp 100-lista over dei mest frekvente søkjeorda har delen av verb minka til 65 %, vel 20 % er substantiv. Det dukkar dessutan opp nokre ord frå andre ordklasser: subjunksjonen *hvis*, adjektiva *liten* og *mye*, adverba *bare*, *hvor* og *hvordan* og determinativa *mange* og *dette*. Ikkje eit einaste ord blant dei 100 mest frekvente søkjeorda kan reknast som framandord i norsk.

At så mange søker på mykje brukte (sterke) verb og det ein må rekne som kjernevokabularet i eit språk, kan peike i retning av at fleire brukar dei norske standardordbøkene til skriftleg produksjon enn til resepsjon (jf. Svensén 2004:15f.). Truleg er det for å sjekke bøyningane at mange slår opp høgfrekvente verb, og det er vanlegare blant brukarar av L2-ordbøker og L2→L1-ordbøker å søkje grammatikkopplysingar enn det er blant brukarar av L1-ordbøker (Svensén 2004:549).

Ei forklaring kan vere at standardordbøkene i dag har fleire brukarar som ikkje har norsk som morsmål, enn det som var tilfellet for nokre tiår tilbake. Frå andre undersøkingar veit vi at bruken av norske ordbøker heng saman med morsmålet til elevane: Elevar med eit anna førstespråk enn norsk nyttar digitale ordbøker hypigare enn elevar med norsk som førstespråk (Hovdenak & Ims 2016:160). Det kan òg vere ei forklaring på kvifor fleirtalet av dei som kommenterer og gjev stjerner til appen Ordbøkene, har namn som ein tradisjonelt ikkje har oppfatta som norske, slik ein mellom anna kan sjå det på kommentarane til appen i Google Play.

Ein annan samanheng kan vere at fleire slår opp på sidemålet enn på hovudmålet sitt, som er den målforma ein vel som opplæringspråk og primært bruksspråk. Maks 15 % av den norske befolkninga har nynorsk som hovudmål, men likevel viste tabell 1 at

det er *Nynorskordboka* som blir hyppigast slegen opp i blant dei som vel å berre søkje i ei av ordbøkene.

Tabell 2 viser kor ofte brukarane klikkar seg vidare og ser på bøyingsopplysingane i dei to ordbøkene.

Søk i bøyingsparadigme	2018
Bøying <i>Bokmålsordboka</i>	2 508 582
Bøying <i>Nynorskordboka</i>	5 849 577


Tabell 2: Søk i bøyingsparadigma til BOB og NOB.

Meir enn dobbelt så ofte sjekkar brukarane dei morfologiske opplysingane i nynorsk som i bokmål. Det kan òg slå ut på statistikken at nynorskbrukarane, som dagleg blir språkbada i bokmål, slår opp oftare enn bokmålskrivande:

Det kan òg sjå ut til at lærarar ved skular som har nynorsk som opplæringsmål eller hovudmålform, i større grad nyttar digitale ordbøker i undervisninga enn lærarar på skular der bokmål er mest nytta. (Hovdenak & Ims 2016:161)

Figur 3 viser at bruken varierer sterkt gjennom året. Tala i venstremargen er antal søk i nettordbøkene. Det gule feltet viser søk i begge ordbøkene. Søk i *Nynorskordboka* er markerte med oransje, og søk i *Bokmålsordboka* er markerte med blått. Legg merke til at mengda søk i *Bokmålsordboka* held seg atskilleg meir stabil enn mengda søk i *Nynorskordboka* og i begge. Særleg bruken av *Nynorskordboka* toppar seg markant i eksamensmånaden mai og i heildagsprøvemånaden november.

Figur 3 kan vanskeleg tolkast på andre måtar enn at svært mange elevar brukar ordbøkene når dei skriv eksamen og heildagsprøve på sidemålet sitt. Sjølv om elevar med nynorsk som hovudmål slår opp oftare enn bokmålselevane, er dei i utgangspunktet så mykje færre enn elevane med bokmål som hovudmål at det i seg



Figur 3: Bruken av nettsida gjennom året i 2017 og 2018. Kjelde: Ordbokstatistikk (2019).

sjølv ikkje kan forklare svingingane i bruken av *Nynorskordboka* i prøvemånadane.

4. Revisjonsprosjektet

Revisjonen av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* (Revisjonsprosjektet) starta opp for fullt ved Universitetet i Bergen 1. september 2018. I 5 ½ år skal dei to ordbøkene reviderast frå A til Å, og for første gong skal dei same redaktørane arbeide både med bokmål og med nynorsk.

Prosjektet skal sikre at ordbøkene beheld posisjonen sin som fasiten for ortografi og morfologi i bokmål og nynorsk, som er dei sidene ved det norske språket som Språkrådet har normeringsansvar for (Språkrådet 2015:13). Dei viktigaste oppgåvene til ordbokredaksjonen blir å revidere definisjonane så dei er i tråd med dagens språkbruk, gjere dei to ordbøkene likare i omfang og innhald, og ta inn nye ord og tydingar.

4.1. Mandatet til prosjektet

Bokmålsordboka og *Nynorskordboka* blei utvikla i eit tolv år langt toegga tvillingprosjekt, der ordbøkene i kraft av seg sjølve skulle vise at målformene er likeverdige. Med vektlegginga av dialektor- da i *Nynorskordboka* ser ein samstundes at det har vore viktig for nynorskredaksjonen å få vist fram korleis nynorsken skil seg frå bokmålet, òg for å gje legitimitet til målforma. Med den store differansen i talet på oppslagsord og ulike språklege profilar er det markante skilnadar mellom dei to standardordbøkene slik dei ligg føre i dag.

Den felles digitale plattformen gjer at innhaldet i ordbøkene blir samanlikna på ein heilt annan måte enn ein kunne føreseie på 1970- og 80-talet, og vi har sett døme på korleis brukarane tolkar meir eller mindre tilfeldige lakuner i ei av ordbøkene som reelle målformforskjellar. Spørsmålet no er om *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* skal halde fram med å vere to sjølvstendige ordbøker, eller om redaksjonen skal tenkje meir på dei som éi ordbok med to målformer, slik det i utgangspunktet var tenkt med to utgåver av det felles verket *Norsk handordbok*.

Det finst gode argument for at *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* bør behaldast og vidareutviklast som to ulike verk. Språkpolitisk er det truleg mindre viktig å eksponere parallelitet no enn før. Den offisielle tilnæringspolitikken, som stegvis skulle fjerne forskjellane mellom målformene, er for lengst forlaten. I praksis skjedde det med innstillinga til Vogtkomiteen, men det blei først formelt vedteke i 2002. I dag er den offisielle politikken at målformene skal normerast uavhengig av kvarandre, utan mål om at dei skal bli likare. Det har vore nokså djuptgripande normendringar i begge målformene etter førstegongsredigeringa av ordbøkene, og særleg i bokmål har endringane delvis gått i motsett retning av tilnærming.

Likevel er det bestemt at det er ei viktig revisjonsoppgåve å gjere ordbøkene likare kvarandre. I samarbeidsavtalen mellom Universitetet i Bergen og Språkrådet frå 2016 blir det slått fast at ordbøkene for bokmål og nynorsk så langt det er mogleg, skal følgje kvarandre i innhald og utviklast parallelt. Dei umotiverte «holå», lemma som finst i den eine ordboka, men ikkje i den andre, skal tettast, og påfallande diskrepansar mellom korleis eitt og same ord er definert i dei to ordbøkene, skal jamnast ut (Språkrådet 2017:4). Det er ingen grunn til at lemmaet *blåbær* skal ha ulike tydingar i dei to ordbøkene, og det gjeld det store fleirtalet av oppslagsord. I nye artiklar utarbeider ikkje redaktørane éin definisjon basert på bokmålsmaterialet og ein annan basert på nynorsk materialet, men ein felles definisjon blir utforma på begge målformer, vel å merke så lenge det er grunnlag for å opprette artikkelen i begge ordbøkene.

I staden for å snakke om parallellitet som eit språkpolitisk mål skildrar Språkrådet i prosjektsøknaden til Kulturdepartementet parallell redigering av ordbøkene som eit fornuftig økonomisk grep:

BOB og NOB er og skal være tvillingordbøker, dvs. at de skal være parallelle i innhold bortsett fra når forhold som er særegne for den ene eller den andre målformen, tilsier noe annet. For å sikre framdriften i revisjonsprosjektet er det avgjørende at arbeidet skjer parallelt i de to ordbøkene. Vi legger til grunn at prosjektet rekrutterer fagpersoner med bakgrunn i nordisk språkvitenskap og tilstrekkelig kompetanse i både bokmål og nynorsk. (Språkrådet 2017:7)

Når det er sagt, skal redaksjonen sjølv sagt ikkje gjere målformene likare kvarandre, sjølv om ordbøkene blir det. Både bokmål og nynorsk er slitesterke bruksspråk, og nynorsken treng ikkje drag-

hjelp i form av ei ordbok for å ha legitimitet. Det er ein fin tanke at folk frå heile landet kan finne igjen målføreord frå sitt område i nynorsken, men samstundes har redaksjonen avgrensa kjeldegrunnlag for å vurdere kva som faktisk er i munnleg bruk rundt om i dag. Det kan diskuterast om det gagnar nynorsken, som den minst brukte og mest pressa målforma, om *Nynorskordboka* blir ein oppsamlingsstad for eit målføretilfang dei færreste kjenner seg igjen i.³ Trass alt er mandatet til Revisjonsprosjektet å dokumentere dei to *skriftspråka*: «[Ordbøkene skal vere] kjelde til kvalitetssikra og oppdatert informasjon om normert rettskriving og om vanleg språkbruk for skriftspråka nynorsk og bokmål» (Språkrådet & Universitetet i Bergen 2016:1, pkt. 3.1). I den samanhengen er det òg eit viktig poeng at *Norsk Ordbok* i mellomtida er fullført som trykt verk, og det er dit brukarane primært bør vende seg om dei er interesserte i målføretilfanget. *Norsk Ordbok* utgjer saman med *Det Norske Akademis ordbok* dei dokumenterande ordbøkene for bokmål og nynorsk, og tvillingordbøkene kan i dag i høgare grad enn i 1986 konsentrere seg om kjernen i dei moderne norske skriftspråka.

Det står ikkje skrive nokon stad at særprega til dei to ordbøkene skal vidareførast, men av respekt for dei ulike tradisjonane og historiene målformene er berarar av, er det ein fin balansegang å ivareta målformskilnadane slik dei har blitt presenterte i ordbøkene, og prinsippet Språkrådet har knesett: «[I] prinsippet bør de fleste oppslagsord kunne gjenfinnes både i NOB og BOB» (Språkrådet 2017:3). Det ligg i korta både at gammalmodig litterært tilfang (til dømes *amtmanninne*) kan forsvinne ut av *Bokmålsordboka*, og at noko dialekttilfang med svakt skriftspråksbelegg (til dømes *andkræmeleg/andkræneleg*) forsvinn frå *Nynorskordboka*. Det har redaksjonen støtte for i søknadsteksten, sjølv om talemålsbelegg òg kan vektleggjast:

3 Problemet er ikkje at artiklane tek opp plass i ei digital ordbok, men tida det tek for redaktørane å vurdere svakt dokumentert, gammalt talemåls-tilfang og finne belegg for å oppdatere artiklane, kan gå på kostnad av å opprette nye artiklar som gjerne er meir aktuelle for fleire.

Oppslagsord som mangler tilstrekkelig tilfang i nyere korpus av norsk tekst, kan vurderes tatt ut av ordbøkene. [...] I tillegg til korpusfrekvens må attesterte talemålsbelegg tas med i betraktning. Merk at «stryking» i denne sammenhengen ikke betyr at oppslagsordet blir slettet fra basene, bare at artikkelen ikke blir publisert. (Språkrådet 2017:6)

Ein skal vere forsiktig med å tukle med arvematerialet, og *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* både har vore og kjem til å vere toegga tvillingar. Mandatet til Revisjonsprosjektet er å gjere ordbøkene likare i omfang og innhald, men likevel skal vi ikkje framstille målformene som likare enn korpusbelegg av nyare skrift kan dokumentere at dei er. Sjølv om redaksjonen i samråd med eigarane skulle kome til at vi ønskjer å kople ordbøkene tettare saman med ekvivalensrelasjonar, vil begge ordbøkene likevel stå støtt på egne bein.

Litteratur

Ordbøker

BOB (1986–) = *Bokmålsordboka*. Oslo: Kunnskapsforlaget. <ordbok.uib.no> (mars 2019).

Det Norske Akademis ordbok (2017). Oslo: Kunnskapsforlaget. <naob.no> (mars 2019).

Guttu, Tor (hovedred.) (1977): *Riksmålsordboken*. Oslo: Kunnskapsforlaget.

NOB (1986–) = *Nynorskordboka*. Oslo: Det Norske Samlaget. <ordbok.uib.no> (mars 2019).

Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet (2016). Oslo: Det Norske Samlaget. <no2014.uib.no> (mars 2019).

Tanums store rettskrivningsordbok (1964–). Oslo: Kunnskapsforlaget.

Annan litteratur

- Grønvik, Oddrun & Rune Kyrkjebø (2018): *Språksamlingane og leksikografisk arbeid ved Universitetet i Bergen*. I: Ásta Svavarsdóttir, Halldóra Jónsdóttir, Helga Hilmisdóttir & Þórdís Úlfarsdóttir (red.): *Nordiske Studier i Leksikografi* 14. Reykjavík: Nordisk Forening for Leksikografi, 80–86.
- Haugen, Einar (1966): *Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre*. Omsett av Dag Gundersen. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hoel, Jan (2010): *Edle årganger i ny tapning*. I: *Språknytt* 3. <<https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publicasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraknytt-Spraknytt-2010/32010/Edle-arganger-i-ny-tapning/>> (mars 2019).
- Hovdenak, Marit (2014): *Bokmålsordboka og Nynorskordboka gjennom ein generasjon*. I: Ruth Vatvedt Fjeld & Marit Hovdenak (red.): *Nordiske studier i leksikografi* 12. Oslo: Nordisk forening for leksikografi, 229–246.
- Hovdenak, Marit & Ingunn Indrebø Ims (2016): *Bruk av digitale ordbøker i norsk skule*. I: Asgerd Gudiksen & Henrik Hovmark (red.): *Nordiske Studier i Leksikografi* 13. København: Nordisk Forening for Leksikografi, 155–164.
- Innstilling (1966): *Innstilling om språksaken fra komitéen til å vurdere språksituasjonen m.v. oppnevnt ved kongelig resolusjon 31. januar 1964*. Oslo: Kirke- og undervisningsdepartementet. <https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2007041801131> (mars 2019).
- Kulbrandstad, Lars Anders (1976): *Norsk handordbok*. I: *Språknytt* 2, 7–8.

- Ordbokstatistikk (2019). Universitetet i Bergen. <ordbok.uib.no/perl/ordbokstatistikk.cgi> (mars 2019).
- Rambø, Gro-Renee (1999): *Bokmålsreformen i 1981 – med særlig vekt på Særutvalgets arbeid*. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Revisjon av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* (2019): Revisjonsprosjektet. <www.uib.no/revisjonsprosjektet> (mars 2019).
- Språkrådet (2014): *Norsk ordbokpolitikk. Notat fra Språkrådet til Kulturdepartementet 3. mars 2014*. <<https://www.sprakradet.no/upload/Aktuelt/Notat%20om%20norsk%20ordbokpolitikk.pdf>> (mars 2019).
- Språkrådet (2015): *Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk*. <www.sprakradet.no/globalassets/spraka-vare/norsk/retningslinjer-for-normering-nynorskversjon.pdf> (mars 2019).
- Språkrådet (2017): *Prosjektsøknad – revisjon av Bokmålsordboka og Nynorskordboka*. Upublisert.
- Språkrådet & Universitetet i Bergen (2016): *Samarbeidsavtale*. Upublisert.
- Svensén, Bo (2004): *Handbok i lexikografi. Ordböcker och ordboksarbete i teori och praktik*. Andra upplagan. Stockholm: Norstedts Akademiska Förlag.
- Worren, Dagfinn (1998): Om å avgrense eit ordtilfang – saga om målføreorda i Nynorskordboka. I: Ruth Vatvedt Fjeld & Boye Wangenstein (red.): *Normer og regler. Festskrift til Dag Gundersen 15. januar 1998*. Oslo: Kunnskapsforlaget, 59–70.

Margunn Rauset
 hovudredaktør for revisjonen av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*
 Universitetet i Bergen
 Postboks 7805
 NO-5020 Bergen
margunn.rauset@uib.no

Hovedtemaet i årets nummer av LexicoNordica er nordiske ordbøker med to eller flere språk. De tematiske artiklene tar opp ulike problemstillinger knytta til to- og flerspråklig leksikografi, blant annet bruk av brukerlogger, kontakt med brukerne, erfaringer fra konkrete ordbokprosjekter og den praktiske og teoretiske grenseoppgangen mellom flerspråklig og enspråklig leksikografi.

I tillegg til de tematiske bidragene inneholder tidsskriftet én ikke-tematisk artikkel, flere anmeldelser av leksikografiske ressurser og noen bidrag av ulik karakter.

Arbeider som ønskes anmeldt, kan sendes til hovedredaktørene i tidsskriftet eller til et av medlemmene i redaksjonskomiteen.

LexicoNordica

Utgitt av

Nordisk forening for leksikografi (NFL)

Trykt med støtte fra

Nordplus Nordens Språk

Tidsskriftet kommer ut hvert år i november og sendes til NFLs medlemmer.

For ikke-medlemmer er prisen NOK 250.

Tidsskriftet kan bestilles fra NFLs hjemmeside
<http://nordisk-leksikografi.com/publikationer-1.html>

eller ved å sende e-post til
nordisk.lexikografi@gmail.com.

- 1 · 1994 Nordiske ordbøker i et samfunnsperspektiv
- 2 · 1995 Grammatikk i bilingvale nordiske ordbøker
- 3 · 1996 Korpusbasert leksikografi i Norden
- 4 · 1997 Ordbøker over små språk i Norden
- 5 · 1998 Fagleksikografi i Norden
- 6 · 1999 Innvandrerordbøker i Norden
- 7 · 2000 Nordiske leksikografiske tradisjoner
- 8 · 2001 Ordbøker mellom de nordiske språkene
- 9 · 2002 Språknormering i nordiske ordbøker
- 10 · 2003 Ordbokkritikk i Norden
- 11 · 2004 Bilingval leksikografi i Norden
- 12 · 2005 Elektroniske ordbøker i Norden
- 13 · 2006 Historiske ordbøker i Norden
- 14 · 2007 Leksika og ensyklopedier i Norden
- 15 · 2008 Ordbokbruk i Norden
- 16 · 2009 Ordforbindelser i nordiske ordbøker
- 17 · 2010 Leksikografi og språkteknologi i Norden
- 18 · 2011 Onomasiologiske ordbøker i Norden
- 19 · 2012 Betydningsbeskrivelser i nordiske ordbøker
- 20 · 2013 Leksikografi og lingvistikk i Norden
- 21 · 2014 Store ordbøker i Norden
- 22 · 2015 Språklige varieteter i nordiske ordbokressurser
- 23 · 2016 Nordiske ordbøker og pedagogikk
- 24 · 2017 Navn i nordiske ordbøker
- 25 · 2018 Fagspråk i nordiske ordbøker
- 26 · 2019 Nordiske ordbøker med to eller flere språk